



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi startar opp med frivillig skogvern for Galdane i Lærdal kommune, Vestland

Etter dialog med grunneigar og AT Skog melder vi formell oppstart av skogvernprosess ved Galdane i Lærdal kommune i Vestland. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Området er lokalisert i ei sørvendt li på gardsnummer 48 bruksnummer 1 i Lærdal kommune. Arealet ligg langs Lærdalselva, der dalføret er på sitt trongaste. Stadvis renn elva i eit så trengt gjel at artsutvalet liknar på det ein finn i naturtypen bekkekløft. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Arealet er eigd av ein privat grunneigar. Grunneigar har underskrive tilbod om vern av Galdane som naturreservat etter prosedyren om frivillig skogvern. Vi melder med dette oppstart av verneprosess på eit areal med storleik på om lag 833 dekar. Av dette er kring 700 dekar skog.

Kartlegging

Galdane har vore kartlagt i fleire omgangar. Området vart registrert i samband med kartlegging av naturtypar i Lærdal kommune i 2002, og deretter i 2009 i samband med den nasjonale kartlegginga av bekkekløfter i regi av Direktoratet for naturforvaltning og NVE. Området, som i Naturbasen har namnet [Nedre Skori – Helleren](#), vart vurdert som ein svært viktig førekomst av rik edellauvskog med i hovudsak utforminga gråor-almeskog. I 2019 vart området også kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN), og det blei identifisert eit areal i sentrale delar av tilbodsområdet med naturtypen lågurtedellauvskog av svært høg kvalitet. Naturtypen er raudlista i kategorien sårbar (VU).

Verneverdiar

Tilbodsområdet Galdane i Lærdal ligg i ei sørvendt li i sørboreal vegetasjonssone. Området er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Skogen omfattar rik edellauvskog med vekt på gråor-almeskog og er omtalt som svært viktig i bekkekløftkartlegginga frå 2009. I landskapsmosaikken er også gråor-heggeskog, store, gamle tre av hengebjørk og alm, og i tillegg osp, rogn, einer, hassel hegg, furu og lind. Området inneheld rasmærke og sørvendte berg, nokre stader rike på mosar og lav. Trass ein del rasmærke med impediment har over halvparten av lia



middels – høg til sær høg bonitet, og vil dermed bidra til å auke delen skog med høg bonitet i skogvernet i fylket. Området vil i tillegg bidra til å dekke manglar i skogvernet med låglandsskog i sørboreal sone, rike edellauvskogtypar og ei stort tal raudlista artar. Innslaga av hole lauvtre, rikkbarkstre og tre med sprekkebark er viktige for artsmangfaldet og blir tillagt verdi, og i eldre bestandar av gråor er det høg konsentrasjon av daud ved. Det er også behov om å verne meir natur med bekkekløftpreg i fylket.

Av 16 raudlista artar registrert i tilbodsarealet er 6 sterkt truga (EN), mellom anna gåsefot, stuvkraterlav og skumkjuke, og 5 artar er nært truga (NT), mellom anna klosterlav. For å få oversikt over registrerte artar, sjå rapporten frå skoganalyse vedlagt vernesaka på våre heimesider. Vi vurderer området som svært verneverdig.



Figur 1 Galdane ligg langs Lærdalselvi og husar mange varmekjære treslag. Det er registrert eit høgt tal raudlista artar i området som grunneigar no tilbyr til frivillig skogvern. Dette vil bidra til å ta vare på truga, sjeldne og sårbare artar for framtida. Foto: Vebjørn Enerstvedt, AT Skog.

Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tapet av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med litt over 3 prosent av skogen i fylket verna til, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med eit vern av Galdane vil ein komme litt nærmare målet om å ta betre vare på sjeldne og truga artar og naturtypar i fylket.



Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne Galdane som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil ha rett til jakt og fangst, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, plukke matsopp og bær. Kongevegen går gjennom tilbodsområdet og er mykje brukt, denne skal kunne haldast ved like. Tradisjonelle fiskeplassar og fiskestiar langs elva skal kunne haldast opne og ved like. Kulturminne kan bli restaurert og ivareteke i samråd med kulturminnemynde. Området er ikkje i bruk som beiteområde for husdyr i dag, men det er hjort i området.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og ulike tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Send innspel til oppstartsmeldinga som brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvaltaren.no innan **4. november 2023**.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår [Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvaltaren.no) under tema Høyringar. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, samt lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Kart til oppstartvarsel, Galdane, Lærdal
- 2 Utkast til verneforskrift, Galdane, Lærdal



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO



Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboese gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
LÆRDAL ELVEEIGARLAG SA	Stødnavegen 11	6887	LÆRDAL



LÆRDAL FJELLSTYRE
LÆRDAL JEGER OG FISKARLAG

Postboks 65
Postboks 61

6886 LÆRDAL
6887 LÆRDAL